

15/08/2023

Arbeid til alle - Modalen

Oppsummeringsrapport for
konseptfasen

Trude Bruket

REGION NORDHORDLAND IKS - MODALEN KOMMUNE

Innhald

Samandrag.....	2
Innleiing - mål.....	3
Kva svarer denne oppsummeringsrapporten på?	3
Målgrupper.....	4
Arbeid og verdiskaping?.....	4
Økonomi - finansiering	5
Nokre moglege Modalen-modellar	5
Modell 1: Aktivitets- og arbeidstrening gjennom verkstadarbeid for målgruppe 1	6
Kostnadar til eit verkstadstilbod til målgruppe 1	6
Modell 2: Tilrettelagde stillingar og arbeidskoordinator/aktivitetsleiar	7
Knyte fleire relevante oppgåver til koordinatorrolla?	8
Kostnadar for tilrettelagde stillingar og arbeidskoordinator/aktivitetsleiar (målgruppe 1, 2 og 3)	8
Tillegg	10
Forankring og organisering.....	10
Metode	11
NAV og aktuelle ordningar.	11
NAV si rolle	12
Informasjon om andre relevante arbeidstreningssjakt	12
Vekstbedrifter i regionen.....	12
Nokre relevante kommunale arbeids-/aktivitetstilbod innafor rus og psykisk helse:.....	13
Arbeids- og aktivitetstilbod i regi av private.....	14
Andre moglege tiltak for å styrka inkludering i arbeidslivet	14
Inkluderande rekruttering i kommunen	14
Økonomiske støtteordningar som kan vera relevante.....	15
Litt om relevant lovverk:	16
Oversikt møter/intervju knytt til arbeid til alle – Modalen	17

Samandrag

Rapporten summerer opp eit mindre prosjektarbeid gjennomført hausten 2022 og våren 2023. Oppdraget har vore å skissera nokre moglege tiltak som kan få innbyggjarar i Modalen, som i dag fell utanfor arbeidslivet, inn i aktivitet og arbeid.

Arbeidet skal gi grunnlag for leiinga i Modalen kommune til å vurdere om ein vil gå vidare med arbeidet frå konseptfase til planleggingsfase.¹

To målgrupper er identifiserte, og to ulike modellar skisserte. Ingen personar frå målgruppene har vorte kartlagde i arbeidet. I ein eventuell neste fase i prosjektet bør ein involvera brukarar/ målgruppe og andre relevante interessentar.

Den første modellen avgrensar seg til å føreslå ei løysing for den primære målgruppa, personar som kan ha nytte av eit lågterskel aktivitets- og arbeidstilbod. Omfanget kan til dømes vera ei eller to grupper på fem personar som møtest for verkstadarbeid to gongar i veka. Kostnadane til eit slikt aktivitetstilbod er estimert til ca. kr. 300 000,- årleg.

Den andre modellen inneber - i tillegg til eit aktivitetstilbod - å etablera ein til to tilrettelagde, løna stillingar for personar med behov for ordinært arbeid, med noko støtte. Desse kan løysa oppgåver som i dag anten ikkje vert løyste, eller vert utført av arbeidstakarar som med fordel kan prioriterast til andre oppgåver. Eit slikt tilbod vil krevja ressursar både til tilrettelagde stillingar og ei koordinatorstilling. Kostnad vil koma an på tal stillingar. Ein koordinator/arbeids- og aktivitetsleiar og ein til to tilrettelagde stillingar, inkludert lågterskel aktivitetstilbod, er estimert til å kosta mellom kr. 1 500 000 og 2 300 000,- årleg.

Det er vurdert at det er mest realistisk at tiltaka i hovudsak må finansierast med kommunale midlar. Personar i tilrettelagde stillingar (modell 2) kan kanskje løysa ut noko tilskot hos NAV, til dømes lønstilskot. Det kan kanskje vera mogleg å tena inn noko gjennom sal av tenester til private. Eventuelt kan kommunen samarbeida med ein privat aktør og kjøpa tilbake tenester hos denne.

Rapporten inneheld relevant informasjon knytt til NAV-ordningar, lovverk og eksterne tilskotsordningar. Dette er lagt i eit tillegg som kan vera nyttig dersom kommunen vil gå vidare med prosjektet.

¹ Fasen som er gjennomført kan sjåast som konseptfasen, som legg grunnlag for planleggingsfasen. [Hva er Prosjektveiviseren? | Prosjektveiviseren \(digdir.no\)](#)

Innleiing - mål

Prosjektmandatet «Arbeid til alle» er forankra i Modalen kommunestyre, gjennom vedtak i sak 022/2021 den 06.05.2021.

Mandatet omtalar fleire mål, og set fokus på fleire ulike behov. Oppsummert er desse knytte til to hovudynskje:

1. At Modalen kan tilby alle innbyggjarane, også dei som fell utanfor arbeidslivet i dag, gode verdige liv med aktivitet og arbeid.
2. Å løysa fleire oppgåver i Modalen, og skapa verdi for innbyggjarane.

Det overordna målet for prosjektarbeidet «Arbeid til alle» er formulert slik i mandatet:

Modalen kommune skal gjennomføre første fase i eit utviklings-/prosjektarbeid med føremål å etablere kommunale tenester (evt. i samarbeid med andre aktørar) som skal syte for varige arbeidsplassar til innbyggjarar som av ulike grunnar ikkje kjem inn i ordinært arbeidsliv ved eiga hjelp.

Slik kan me som samfunn nyttiggjere oss alle innbyggjarane sine verdifulle kompetansar, restarbeidsevner, samt at me kan dele kunnskap mellom ulike menneske. Me trur dette vil tilføre verdi til oss alle, og at det er eit viktig steg i folkehelsearbeidet og inkluderingsamfunnet.

Resultatmålet i prosjektmandatet er å «utarbeide ei prosjektskisse som skal tydeleggjere moglegheitane, rammene og gjennomføringa for evt. etablering av tilbod.»

I mandatet står det vidare:

Denne fasa inneber å utforske moglegheiter, metodikk, målgrupper, innhald, omfang, retning, samt lage ein økonomisk berekraftig driftsplan/-budsjett både som prosjektperiode, men og over i ordinær drift. Det er særleg viktig at ein i prosjektfasa kan tydeleggjere finansieringsmoglegheiter m.a. frå offentlege tilskotsaktørar. I tillegg må ein vurdere samarbeidsmoglegheiter med aktuelle aktørar (private aktørar, NAV m.m.).

Kva svarer denne oppsummeringsrapporten på?

Prosjektfasen mandatet skildrar kan kallast konseptfasen. Målet er å gje administrativ og politisk leiing i Modalen kommune tilstrekkeleg informasjon til å avklara om ein vil setja i gong tiltak, utover det som allereie vert gjort i dag, for å hjelpa innbyggjarar i aktivitet og arbeid.

Rapporten svarer ikkje ut mandatet punkt for punkt. Oppsummeringa byggjer på den kunnskapen prosjektarbeidet har gitt.

Fokuset har vore å greia ut korleis Modalen kommune, med sine særskilte føresetnader, kan *leggja til rette for at innbyggjarar utanfor arbeidslivet kan koma i noko aktivitet eller arbeid.*

Prosjektarbeidet har søkt å både *avklara, oppdatera og prioritera* behova som er peika på i mandatet. Mål om å gje innbyggjarar høve til aktivitet og arbeid har vorte prioritert høgare enn målet om verdiskaping.

Det er forsøkt å knyta realistiske kostnadar til dei tiltaka som er føreslegne.

Målgrupper

Modalen har alt fått støtte til nokre VTA-O-stillingar² i kommunen, og såleis skaffa arbeid til ein del av målgruppa som var tenkt på då mandatet vart skrive.

Målgruppene som er definerte gjennom prosjektarbeidet kan oppsummerast slik - i prioritert rekkefølge:

1. Personar utanfor arbeidslivet, som ikkje er aktuelle for VTA per no. Kanskje med vekt på utfordringar knytt til psykiske helseplager.³
2. Personar med liten, eller lausare tilknytning til arbeidslivet som ynskjer ein meir stabil arbeidssituasjon lokalt.

Ingen enkeltpersonar er kartlagde i arbeidet.

Oppsummeringa gir innspel til to ulike løysingar knytt til dei ulike målgruppene. Ei løysing for målgruppe 1, og ei for målgruppe 2. Støttestrukturen rundt desse kan kanskje løysast i eitt felles tiltak.

Ein bør vera merksam på at målgruppene ikkje er einsarta. Truleg vil ikkje alle oppleve dei føreslegne tiltaka som passande for seg. Det bør vera rom for å få til noko individuell tilpassing innafor dei rammene som er vist i denne rapporten. Ein eventuell neste fase i prosjektet bør involvera brukarar/målgruppe og andre relevante interessentar.⁴ Dette for å søkja å så godt som råd å tilpassa løysingane til dei innbyggjarane som kan ha nytte av tilbod, dei arbeidsoppgåvene som er behov for å løysa, og dei særskilte forholda i Modalen.

Arbeid og verdiskaping?

I mandatet er det peika på at ein kan oppnå verdiskaping for bygda om ein klarer å skaffa arbeid for fleire.

Det er identifisert ein del oppgåver som det anten ikkje ressursar til i dag, eller ein kan ha nytte av avlasting for å utføra. Nokre eksempel er nemnt i mandatet, og nokre er kome opp i prosjektperioden. Eksempel er stirydding, transportoppgåver, innkjøp og tillaging av mat i barnehagen, ivaretaking av kommunen sin buss, enkle vedlikehaldsoppgåver, praktisk hjelp til flyktingar og eldre heimebuande innbyggjarar, organisering av sosiale møteplassar og arbeid knytt til drift av BUA utstyrssentral.

På den andre sida stiller mandatet spørsmål ved om ein kan løysa både målgruppa sine behov for støtte og ynsket om verdiskaping i eitt og same prosjekt/tiltak. Informasjonsinnhentinga i prosjektperioden peikar mot at det kan vera utfordrande å «få både i pose og sekk.»

² VTA-O står for «Varig tilrettelagt arbeid i ordinær verksemd.» NAV gjev tilskot til bedrifter som har VTA-stillingar, etter ei konkret vurdering i kvar enkelt sak. [Varig tilrettelagt arbeid - nav.no](http://www.nav.no)

³ Innafor denne målgruppa vil det vera enkeltpersonar med ulike behov, i ulike aldersgrupper.

⁴ Les om interessentar og involvering i [Prosjektveiviseren](#).

Økonomi - finansiering

For å gje målgruppe 1 høve til aktivitet og arbeidstrening krevst det ressursar til drift av eit tilbod. Målgruppe 2 vil kunne bidra til å løysa arbeidsoppgåver, men då må det opprettast stillingar. Begge tiltaka vil auka utgiftene til kommunen.

I mandatet står det at det er «*særleg viktig at ein i prosjektfasa kan tydeleggjere finansieringsmoglegheiter m.a. frå offentlege tilskotsaktørar.*» Prosjektleiari har undersøkt moglegheiter for ekstern finansiering. Informasjon om moglege tilskotsordningar og tiltak knytt til enkeltpersonar gjennom NAV ligg ved under tillegg i rapporten. Likeeins ligg ei oversikt over andre tilskotsordningar som er undersøkt i tillegget.

Basert på innhenta informasjon er det mest realistiske at kommunen i hovudsak må løysa oppgåver knytt til å hjelpe dei målgruppene som er identifiserte i dette arbeidet inn i aktivitets- og arbeidstiltak innafor si ordinære drift og sitt tenestetilbod, medrekna NAV.

NAV sine tilskotsordningar er knytt til enkeltpersonar. Per i dag er det ikkje kandidatar i Modalen innafor dei ordningane som gjev støtte frå NAV til arbeidsgjevarar.⁵ Kommunen bør likevel sjå på NAV sine ordningar i samband med konkret kartlegging av enkeltpersonar.

Helselovgjevinga, som det også er vist til i mandatet, kan lesast som at kommunen har ansvar å sørge for aktivitetstilbod til personar som har behov for dette av helsemessige årsaker.⁶ I mange kommunar finst det ulike kommunale tilbod for arbeidstrening, aktivitet og sosiale møtestadar for personar som høyrer inn under målgruppe 1.

Personar i målgruppe 2 vil vera aktuelle for passande jobbar i ordinært arbeidsliv, med noko støtte frå arbeidsgjevar. Arbeidstrening eller lønstilskot via NAV kan vera delar av ei slik løysing, men sjølve arbeidsplassane må opprettast av kommunen, eventuelt i samarbeid med andre.

I neste avsnitt vert det vist to ulike løysingar for moglege tiltak; ei for kun kandidatar i den primære målgruppa og ei for kandidatar frå begge målgruppene. Det er estimert kostnader for begge løysingane.

Nokre mogleg Modalen-modellar

For å lukkast må ein finna modellar som kan passa for Modalen, med sine demografiske og geografiske kjenneteikn. Difor er det vurdert at det kan vera fornuftig å knyta eventuelle nye tiltak opp mot andre prosjekt og oppgåver i Modalen.

Prioriteringa av dei føreslegne tiltaka følgjer vist prioritering av målgrupper.

⁵ Opplysingar frå NAV indikerer at det ikkje er nokon i Modalen som har rett til tiltak knytt til arbeid som ikkje alt er i eit program.

⁶ Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven) §3-3 tredje ledd: «Helse- og omsorgstjenesten skal arbeide for at det blir satt i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemmede og andre som har behov for det.» I same lov, §4-1 forsvarlighet b, står «den enkelte pasient eller bruker gis et verdig tenestetilbud»

Modell 1: Aktivitets- og arbeidstrening gjennom verkstadarbeid for målgruppe 1

Ein kan kanskje gje tilbod om aktivitet og arbeidstrening for målgruppe 1 gjennom verkstadarbeid. Ein arbeids-/aktivitetsleiar vil typisk kunne ha med seg fem deltakarar om gongen i slikt praktisk arbeid.⁷

Kartlegging av enkeltpersonar sine ressursar, behov og motivasjonsfaktorar bør gjennomførast før ein etablerer eit slikt tiltak. Til dette bør ein kunna nytta dei strukturane som alt finst, som NAV og eventuelt team for psykisk helse i kommunen. Innhald og aktivitet vil kunna måtta tilpassast noko til kvar enkelt, slik at dei vert motiverte til å ta del. Ein vil kanskje også kunna leggja til rette for noko kompetanseheving gjennom eit slikt tilbod.

Tiltaket føreset tilgang til eigna verkstadslokale. Å søka å knyta tiltaket til annan aktivitet i bygda, slik at det kan opplevast mindre stigmatiserande, er ein fordel. Ein mogleg modell for sambruk kan vera å nytta verkstadslokale knytt til [BUA utstyrssentral](#), som etter planen skal etablerast i Modalen i 2024.⁸ Det kan også vera aktuelt at frivillige deltek og gjev ekstra støtte i verkstadsarbeidet, i tillegg til aktivitetsleiar. Eit slikt frivillig arbeid kunne til dømes vore knytt til ein frivilligsentral. Det er per i dag ikkje planar om å etablere frivilligsentral i Modalen, men det er mogleg å få støtte til drift av frivilligsentral.⁹ Driftsmodell for BUA er ikkje på plass, men vert arbeidd med hausten 2023. Om ein finn eigna lokale kan kanskje BUA ha potensiale til å verta ein møteplass for alle, med ein «sosial vri.» Det finst til dømes eksempel på at ungdom får tilbod om hjelp til enkelt vedlikehald av utstyr i enkelte BUA-verkstarar.

Kostnadar til eit verkstadstilbod til målgruppe 1

I tillegg til tilgang til eigna verkstads-/møtelokale vil eit arbeids-/aktivitetstilbod i verkstad krevja finansiering til ein aktivitetsleiar, samt naudsynt utstyr. Omfanget av arbeidet for arbeidsleiararen kan vera å ha med seg ei gruppe på verkstad ein til to gongar i veka, samt å førebu desse samlingane. Eventuelt frivillig arbeid, som nemnt over, må koma i tillegg til ein tilsett¹⁰ som syt for fagleg forsvarleg drift.

Ein kan kanskje knyta til seg ein aktivitets-/arbeidsleiar i ei deltidsstilling. Alternativt kan ein kanskje løysa rolla som aktivitetsleiar gjennom at oppgåva vert ein del av ei fulltidsstilling. Omfanget av arbeidet og kostnaden knytt til aktivitetstilbodet vert vurdert som lik uansett løysing.

⁷ «Deltakarar» er eit etablert omgrep både for dei som deltek i arbeidstreningsstiltak. Fagansvarlege for arbeidstreningsprogram innafor rus/psykiatri i Alver og Austrheim har oppgitt at dei har maksimum fem deltakarar per arbeidsleiar. I VTA-/vekstbedrifter er 1-5-arbeidsleiar standard: <https://www.arbeidoginkludering.no/medlemssider/publikasjoner/kravspesifikasjon-for-varig-tilrettelagt-arbeid-vta/>

⁸ Modalen kommunestyre gjorde i sak 049/22 vedtak om å løyva 100 000 kr i investeringsbudsjettet til etablering av BUA utstyrssentral i 2024. Korleis ein skal løysa drifta av BUA i Modalen skal greiast ut i løpet av 2023.

⁹ [Norges Frivilligsentraler / Forskrift om tilskudd til frivilligsentraler - Lovdata](#). Føremål: «Frivilligsentralene skal stimulere til frivillig innsats, være åpne møteplasser for befolkningen og være et bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor.» Det er krav til at frivilligsentralen skal «ha minst ett årsverk, som hovedregel én person i 100 prosent stilling.» Kommunen kan søka og få inntil 50% av driftskostnadar.

¹⁰ Arbeidsleiarar i vekstbedrifter og andre arbeidstiltak er ofte fagarbeidarar. Dei bør gjerne få støtte frå t.d. helsefagleg personell knytt til å forstå deltakarane sine utfordringar og motivasjon.

Kostnader, modell 1:

Deltidsstilling som arbeidsleiar (20 - 30% stilling)	kr. 200 000,-
Materiell og evt. verktøy	kr. 100 000,-
Estimert total kostnad per år	kr. 300 000,-

Merknadar:

- 1) Det er ikkje lagt inn kostnader til husleige for verkstad. Det er tenkt at tilbodet i eit eigna verkstadlokale, til dømes BUA-lokale.
- 2) Det er vanleg at personar med uføretrygd får «oppmuntringsløn» for tilrettelagt arbeid.¹¹ Eventuell oppmuntringsløn til deltakarar er ikkje teke med i kostnadsestimatet. Basert på vurderingar knytt til målgruppa sine behov er det føreslegne opplegget tenkt som eit lågterskeltilbod.

Dette avsnittet viser kun eit tiltak for målgruppe 1. I neste modell er tiltak for begge målgruppene kostnadsestimert.

Modell 2: Tilrettelagde stillingar og arbeidskoordinator/aktivitetsleiar

I prosjektfasen er det peika på at det er få arbeidsplassar i Modalen, særleg for dei som har lågare formell kompetanse, eller treng noko støtte for å koma inn i - og stå i - ein eigna jobb.

For å møte denne utfordringa kan kommunen vurdere om det er hensiktsmessig å oppretta tilrettelagte stillingar for nokre personar i målgruppe 2. Desse kan kanskje løysa nokre av dei oppgåvene som er nemnt i avsnittet om arbeid og verdiskaping. Ein bør i tillegg rekna med at ein må ha ein arbeidskoordinator i kommunen som følg opp stillingane. Den same ressursen kan då gjerne også ha ansvar for aktivitetstilbodet til målgruppe 1, og eventuelt koordinera fleire tiltak i kommunen. Dette vert omtala i neste avsnitt.

Tal tilrettelagde stillingar vil koma an på kva oppgåver desse skal løysa, korleis dei kan finansierast, og om kommunen vil prioritera dette. Kommunen kan kanskje søkja partnerskap med næringsaktørar i bygda. Eit tenkt eksempel kunne vera eit privat-offentleg samarbeid om transportoppgåver internt i kommunen, der kommunen kjøper tenester eller bidreg med støtte til tilrettelagd stilling.¹²

Ein kan kanskje også selja tenester til privatpersonar eller bedrifter, og slik få noko inntekt på stillingane. I første omgang bør ein nok vera nøkterne med omsyn til kva moglegheiter ein har til å skaffa ekstern finansiering.

Det må truleg gjerast ei vurdering av korleis stillingane kan definerast som inkluderingstiltak, slik at ein ikkje kjem i konflikt med kvalifikasjonsprinsippet.¹³ Stillingane kan kanskje vera eit tidsavgrensa tilbod, med mål om å kvalifisera arbeidstakarane for heilt ordinært arbeid.

¹¹ Daglege leiarar i VTA-bedrifter og andre arbeidstiltak framhevar at oppmuntringsløn er viktig for motivasjon. Denne ligg typisk på mellom 25 og 30 kr/timen. NAV kallar det bonusløn [Varig tilrettelagt arbeid - nav.no](https://www.nav.no)

¹² Eksempelet er ikkje utgreidd. Det har ikkje vore kontakt med næringsaktørar i denne fasen av arbeidet.

¹³ KS har gjort ei vurdering av korleis ein kan gjera unntak frå kvalifikasjonsprinsippet med omsyn til «personer med nedsatt funksjonsevne og personer med fravær fra arbeid, utdanning eller opplæring.» [Jus og ansettelser - KS](#)

Også dette tiltaket vil truleg måtta tilpassast enkeltpersonar sine ressursar. NAV kan kanskje bidra til kartlegging av enkeltpersonar, og/eller gi støtte til kommunen til å finna gode system for ivaretaking av arbeidstakarane. Kan henda vil ein potensiell arbeidstakar kvalifisera for tilskot som «jobbstøtte» via NAV.

Enkelte av vekstbedriftene¹⁴ i regionen vil eventuelt kunna hjelpa til med å kartleggja enkeltpersonar sin kompetanse, dersom NAV ikkje har kapasitet til dette. Ei vekstbedrift vil truleg også kunna bidra til å vurdere kva støtteapparat ein bør ha rundt dei tilpassa stillingane, og gje koordinator/arbeidsleiar noko fagleg støtte.

Knyte fleire relevante oppgåver til koordinatorrolla?

Modalen har alt nokre program og prosjekt som bør sjåast i samanheng med ei mogleg arbeidskoordinatorrolle:

1. [Ungjobb](#) - Modalen kommune tilbyr alle ungdommar (i aldersgruppa frå og med det året dei fyller 16 år til og med det året dei fyller 20 år) med bustadadresse i Modalen sommarjobb.
2. [Introduksjonsprogrammet](#), som er eit heilårleg fulltidstilbod kommunen må tilby til dei innvandrarane som har rett på dette.¹⁵
3. [Jobbmot](#), eit pilotprosjekt frå NAV region Nordhordland og kommunane i Nordhordland. Tilbodet skal hjelpe ungdom (15 - 25 år) å få rask og koordinert tilgang på hjelp for å kome i arbeid eller utdanning.

Alt i dag krev desse, særskilt Ungjobb og introduksjonsprogrammet, at tilsette i kommunen koordinerer og tildeler arbeid og arbeidspraksis (inkludert språkpraksis).

Kanskje dette arbeidet kan inngå i ei arbeidskoordinatorstilling som nemnd over. Dette kan løysast gjennom at Modalen kommune etablerer ei ny stilling, eller omorganiserer deler av ei stilling til arbeidskoordinator.

Kostnadar for tilrettelagde stillingar og arbeidskoordinator/aktivitetsleiar (målgruppe 1 og 2)

Ein kan kanskje sjå føre seg at ein kan fylla ei 100% stilling som koordinator og arbeidsleiar. Dette vil koma an på omfanget av tiltaka, og kor mange deltakarar/kandidatar som vil nytta tilboda. Modellen under tek utgangspunkt i ei full stilling til desse oppgåvene.

Kostnadar, modell 2:

Denne modellen viser kostnadar knytt til å løysa tiltaka for begge målgruppene som er definert i denne rapporten, samt eventuelt koordinering av Ungjobb og arbeidstrening via introduksjonsprogrammet. Ein tilsett i ei slik koordinator/arbeidsleiarstilling kan kanskje også ha andre oppgåver i kommunen, om desse let seg kombinera med den typen arbeid stillinga inneheld.

¹⁴ Vekstbedrift er eit etablert omgrep for bedrifter som i hovudsak tilbyr tilrettelagt arbeid i skjerma bedrift (VTA-S). Desse er ofte tiltaksarrangørar for NAV. NAV tilviser kandidatar som har fått rett på [VTA](#)-plass til sine tiltaksarrangørar. I Nordhordland er det fleire slike bedrifter, t.d. i Matre, Knarvik, Frekhaug, Manger og Vaksdal. I vekstbedrifter skal det minimum vera ein arbeidsleiar per fem deltakarar.

¹⁵ Kommunen har ansvar for å tilby introduksjonsprogrammet til innvandrarar mellom 18 og 55 år. Dette skal minst innehalda opplæring i norsk, opplæring i samfunnskunnskap, kurs i livsmeistring og arbeids- eller utdanningsretta element, samt foreldrerettleiing til deltakarar med born under 18 år. Innhaldet skal tilpassast kvar enkelt.

Ein bør elles gå opp grensegangar med NAV i høve kva som er naturlege ansvarsområde for NAV, og kva som vil vera ein kommunal arbeidskoordinator si rolle.

Estimerte kostnader per år:

Stilling som koordinator/arbeidsleiar 100%	kr. 800 000,-
Evt. kjøp av rettleiing/støtte frå vekstbedrift	kr. 150 000,-
Materiell og evt. verktøy aktivitetstilbod	kr. 100 000,-
1 stilling tilrettelagt, tilnærma ordinært arbeid ¹⁶	kr. 650 000,-
Mogleg lønstilskot/tilskot til arbeidstrening via NAV	kr. -100 000
Totalt med kun ei løna, tilrettelagd stilling:	kr. 1 600 000,-
1 ekstra stilling tilrettelagt, tilnærma ordinært arbeid	kr. 650 000,-
Mogleg lønstilskot/tilskot til arbeidstrening via NAV	kr. -100 000
Totalt med to løna, tilrettelagde stillingar:	kr. 2 150 000,-
Totalt med to løna, tilrettelagde stillingar, utan tilskot:	kr. 2 300 000,-

Merknadar:

- 1) I modellen er det lagt inn kostnad til fagleg støtte og eventuelt kartlegging frå vekstbedrift. Om NAV har kapasitet til dette er truleg ikkje denne kostnaden naudsynt.
- 2) Det er lagt inn ein sum inntekt, lønstilskot frå NAV. Denne er usikker. Om ein arbeidstakar har rett på dette kan truleg summen vera høgare, men det kan også henda kandidatar ikkje utløyser tilskot.
- 3) Aktivitetstilbod/verkstadarbeida for målgruppe 1 er teke med i reknestykket, men eventuell oppmuntringsløn for dette er ikkje med, jamfør kommentar til modell 1.

¹⁶ 1 - 2 stillingar tilrettelagt, men tilnærma ordinært arbeid for å løysa oppgåver som er identifiserte i Modalen. Kan vera rekrutteringsstillingar/kvalifiseringsstillingar, med mål om heilt ordinært arbeid etter ei tid.

Tillegg

Forankring og organisering

Prosjektet «Arbeid til alle» er forankra i kommunestyret, gjennom vedtak i sak 022/2021 den 06.05.2021. Formannskapet hadde då alt hatt saka oppe til drøfting 03.02.2020, i sak 006/20, etter at problemstillingane hadde vore drøfta administrativt, og også kome opp i eit folkemøte før valet i 2019.

På grunn av organisatoriske endringar i administrasjonen i Modalen kommune vart ikkje arbeidet starta før hausten 2022. Prosjektleiari Trude Bruket frå Region Nordhordland IKS vart engasjert til å leia arbeidet. Det vart sett ned ei arbeids-/styrings-/referansegruppe med sentrale tilsette i Modalen kommune:

Tonje Husum Aarland, assisterande rådmann

Tone Selmer Skuggevik, teknisk sjef

Lin Tove Thomassen, leiar kundetorg

Jorunn Hårvik Brekkhus, leiar psykisk helestoneste

Gruppen hadde eit oppstartsmøte 7. september 2022, der også rådmann Jo Bjarte Tømmerbakke deltok. Vidare har gruppen hatt fleire møter, og prosjektleiari har hatt møte med ein og ein i prosjektgruppen etter behov. Prosjektleiari har også hatt møte med ein del eksterne aktørar. Dette har i hovudsak vore med ulike aktørar i nabokommunar, som daglege leiarar i vekstbedrifter og andre arbeidstiltak organisert gjennom kommunale helsetilbod, og leiarar for frivilligsentralar og BUA-ordningar.

Assisterande rådmann og prosjektleiari gjennomførte også tidleg i prosjektet eit avklaringsmøte med NAV. Prosjektleiari har hatt noko oppfølgingskontakt med NAV, primært per e-post, men også per telefon. NAV har gitt informasjon om statistikk knytt til aktuelle målgrupper i Modalen.

I denne fasa av prosjektet har det i liten grad vore gjennomført møter med moglege interessentar i Modalen, men prosjektleiari har hatt møter og dialog med kulturkonsulent knytt til etablering av BUA-utstyrssentral, og det har vore gjennomført eit innspels- og informasjonsmøte i leiargruppen i Modalen kommune.

Det har ikkje vore halde møter med næringsliv og frivillige aktørar, eller politiske organ i konseptfasen. Administrativ leiing i kommunen har meint at det har vore naudsynt å peika meir tydeleg på moglege retningar før ein involverer for breitt.

Oversikt over møter som gjev grunnlag for informasjonsinnhenting er lagt ved lenger bak i rapporten.

Metode

Informasjonen rapporten bygger på er henta gjennom møter, e-postutvekslingar, samtalar og intervju med tilsette i Modalen kommune, NAV, daglege leiarar i vekstbedrifter, fagleiarar innfor rus-/psykiatrifeltet i andre kommunar og ansvarlege for Frivilligsentralar og BUA-ordningar i andre kommunar. Liste over møte ligg til sist i tillegget. Vidare er informasjon søkt opp på nettsider, som nav.no, asvl.no og lovdata.no, samt andre relevante sider knytt til temaa som er omtala.

Problemstillingar knytt til oppdraget, og informasjon som har kome opp undervegs, er drøfta i arbeidsgruppa, og med enkeltmedlemmer i arbeidsgruppa, med mål om felles forståing. Rapporten er ei oppsummering av informasjonsinnhentinga, drøftingane og analysane som er gjort og korleis ein ut frå dette best mogleg kan svara på hovudynskja i mandatet. Dei moglege retningane som er peika ut er basert på arbeidsgruppa sine innspel, og den sameinte forståinga av både oppdraget og moglegheitene.

NAV og aktuelle ordningar

Modalen kommune, og næringsaktørar i bygda, kan søka å nyttiggjera seg dei NAV-ordningane som har som mål å hjelpa arbeidsgjevarar som inkluderer og arbeidstakarar som treng tilrettelegging/bistand. Lista under viser til aktuelle ordningar:

- [Arbeidstrening - nav.no](http://nav.no) – på topp av ordinær arbeidskraft. Arbeidsgjevar kan søke om dei har ein kandidat dei vil ta inn.
- [Inkluderingsstilskudd - nav.no](http://nav.no) – kan dekkja tilleggsutgifter arbeidsgjevar har for å leggja til rette for arbeidstakar. Kan kombinerast med andre tilskot.
- [Lønnstilskudd - nav.no](http://nav.no) – kan dekkja delar av løn ein periode. NAV vurderer behov.
- [Varig lønnstilskudd - nav.no](http://nav.no) – ved varig nedsett arbeidsevne.
- [HelseArbeid – samarbeid helsetjenesten og NAV - nav.no](http://nav.no) - samarbeid mellom helsetenesta og NAV for å førebygga muskel- og skjelettplager samt lettare psykiske helseplager.
- [Mentor - nav.no](http://nav.no) – frikjøp av kollega inntil 6 mnd for støtte til opplæring osv.
- [Tilskudd til ekspertbistand - nav.no](http://nav.no) – ekstern bistand til arbeidsgjevar ved langvarig sjukmelding, der arbeidsgjevar sjølv ikkje har lukkast i tilrettelegging.
- [IPS](http://nav.no) – jobbspesialist som kan hjelpa personar med psykiatri/rus-utfordringar til å kome seg ut i jobb eller utdanning. Ikkje støtte til arbeidsstaden.
- [Dekke sykepengar i arbeidsgiverperioden - nav.no](http://nav.no) -kronisk/langvarig sjukdom.
- [For personer med varige funksjonsnedsettelser - nav.no](http://nav.no) – støtte til arbeidsreise.
- [Direkte i arbeid – veileder til arbeidsgivere, kommuner og NAV - nav.no](http://nav.no) – for flyktningar som er aktuelle for jobb (rett kompetanse).
- [Fleksibelt hurtigspor | Introduksjonsprogrammet \(imdi.no\)](http://imdi.no) – flyktningar med rett kompetanse.

Det finst også fleire tiltak enkeltpersonar kan søka: [Arbeid - nav.no](http://nav.no) -Nokre av desse er relevante for arbeidsgjevar å vita om, då ein evt. kan vurderer om ein vil anbefala arbeidstakarar/potensielle arbeidstakarar å søkja om slike tiltak. Nokre eksempel er:

- [Varig tilrettelagt arbeid - nav.no](http://nav.no) -personar som får uføretrygd kan be NAV vurderer om dei kan få tilbod om VTA.

- [Jobbmestrende oppfølging - nav.no](#) - tilbud om arbeidstrening og oppfølging til personar med alvorlege psykiske helseproblem.
- [Senter for jobbmestring - nav.no](#) - kan gje råd og rettleiing til personar med sngst og depresjon for å bli verande i, eller koma i, jobb.
- [Studier med støtte - nav.no](#) - støtte til å gjennomføra skulegang og utdanning for personar med psykoske helseplager.
- [Arbeidsforberedende trening - nav.no](#)
- [Midlertidig lønnstilskudd - nav.no](#)
- [Avklaring - nav.no](#)
- [Oppfølging - nav.no](#) - rettleiing, råd og bistand til peronar som treng hjelp til å koma i arbeid.

Modalen har innbygger som er i [Kvalifiseringsprogrammet - nav.no](#), og legg til rette for dette.

NAV si rolle

Kommunen sitt ansvar for innbyggerar som treng støtte til å kome ut i arbeid vil i hovudsak utførast av NAV. Deler av ansvaret ligg til statleg NAV, og deler til kommunalt NAV.¹⁷

NAV handterer elles også oppgåvene [sosialtenestelova](#) pålegg kommunen. Lova seier at det *skal* stillast vilkår om aktivitet for personar under 30 år som får stønad (§ 20 a), og opnar for at det kan setjast vilkår om aktivitet for andre som får stønad. Det er NAV sitt ansvar å gjera ei konkret og individuell vurdering av kva aktivitet som er hensiktsmessig for den enkelte. Tenestemottakaren sine behov skal takast omsyn til.¹⁸

Meir om relevant lovverk kjem lenger nede i tillegget.

Informasjon om andre relevante arbeidstreningsprosjekt

Vekstbedrifter i regionen

For å oppnå støtte til tiltak som liknar vekstbedrift (VTA-S-plassar) er terskelen svært høg. For å driva ei vekstbedrift bør denne vera av ein viss storleik.¹⁹ Det er fleire vekstbedrifter i regionen som Modalen kan inngå samarbeid med. Alle vekstbedriftene i regionen har eit gitt tal VTA-plassar som

¹⁷ NAV-lova seier mellom anna at «etaten skal stimulere den enkelte stønadsmottakeren til arbeidsaktivitet der dette er mulig, § 4, 3. ledd i [Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen \(arbeids- og velferdsforvaltningsloven\) \[NAV-loven\] - Lovdata](#)

¹⁸ Kjelde: lovtolking, NAV sitt svar på spørsmål frå Fylkesmannen i Rogaland, datert 05.09.2018: [lovfortolkning-sosialtjenesteloven---aktivitetsplikten---stonad-til-samvar---oppholdskommunens-an.pdf \(statsforvalteren.no\)](#)

¹⁹ Intervju med leiarar i vekstbedrifter viser at det er krevjande å driva små vekstbedrifter. Det vert hevda at det er svært vanskeleg å få nye VTA-S-stillingar, og å oppretta nye vekstbedrifter i regionen er nok ikkje aktuelt. Samarbeid/eigarandel i andre vekstbedrifter i regionen kan vera aktuelt. Det er knytt kostnadar til å eiga vekstbedrift.

NAV tilviser personar til. Kommunen kan eventuelt kjøpa VTA-plassar som eller AFT-plassar²⁰ gjennom ei fullfinansiering av desse. Fleirer kommunar kjøper plassar ut over dei NAV gjev tilskot til.

Alle VTA-bedriftene er pålagde å vurderer om brukarane kan gå over i ordinært arbeid. Bedriftene har ein 1-5-modell; 1 arbeidsleiar på 5 brukarar. Det er ganske høge arbeidskrav. Bedriftene skriv ut brukarar som ikkje oppfyller produksjonskrav. Av og til kan brukarane ha delte plassar der dei er ulike stader, t.d. nokre dagar i ordinær bedrift, og nokre dagar i VTA-bedrift. VTA-bedrifta har då ansvaret for dei begge stader. Det vil i vera mogleg at arbeidstakarar som vert følgd opp av vekstbedrift er utplasserte i ordinære bedrifter i Modalen. NAV krev [EQUASS](#)-sertifisering. Vekstbedriftene vert revidert jamleg, og er underlagde omfattande kvalitetskrav.

I Nordhordland er følgande vekstbedrifter etablert:

- [Einekavane](#) i Matre (8 VTA-plassar.)
- [AO Senteret KF](#) i Vaksdal kommune (10 VTA-plassar - vurderer å endra organisasjonsform/-struktur. AS er mest vanleg.)
- [KiM](#) i Knarvik (30 VTA-plassar) – må ha god arbeidsevne.
- [Gløde](#) på Frekhaug/Knarvik (25 VTA-plassar, i tillegg kjøper Alver kommune 13-20 plassar som kommunen finansierer.) Gløde har også 36 AFT-plassar.²¹ Nokre av desse plassane er i regionen med desentralisert oppfølging frå Gløde.
- [AuFeRa](#) på Manger (15 VTA-plassar.)

Nokre relevante kommunale arbeids-/aktivitetstilbod innafor rus og psykisk helse:

- **«Arbeidsaktiv»** i Alver: «Prosjektet blir tildelt arbeidsoppdrag av drift og vedlikehald i eigedomsavdelinga i kommunen, mellom anna oppgåver som høyrer til grønt-avdelinga i kommunen.» Les meir om tilbodet her: [Alver kommune - Arbeid og aktivitetstilbod](#). Det er krav om at deltakarar er motiverte.
- **Grønt arbeid** – Austrheim kommune - liknar på Arbeidsaktiv. Organisert i helseavdelinga, under fagleiar for psykisk helse. -Mykje tilpassing av oppgåver som passar til deltakarar.
- **«Ner Kolås, Lindås»** i Alver (på Lindås)(aktivitetssenteret for personar med psykiske helseutfordringar). Sjå [retningsliner for tilbodet](#).

I denne type tilbod er i utgangspunktet 1-5-modell brukt, men i realiteten er det ofte fleire tilsette enn 1 arbeids/aktivitetsleiar per 5 brukarar.²²

²⁰ AFT står for arbeidsførebuande trening, og er eit tilbod NAV kan tildela. [Arbeidsforberedende trening - nav.no](#)

²¹ Det er få tiltaksarrangørar som har AFT-plassar. Kun Gløde i Nordhordland. NAV kan redusera/auka antalet plassar. Kartlegging av AFT-tiltaket utført av Oslo Economics: [Arbeidsforberedende trening \(AFT\) - nav.no](#)

²² Kjem fram gjennom intervju med fagleiarar for tilboda.

Arbeids- og aktivitetstilbod i regi av private

Det er mogleg for private aktørar å starta tiltak retta mot personar som fell utanfor. Slike tiltaksplassar må då kjøpast av kommunen. Eit tiltak som kanskje kunne vore aktuelt i Modalen, om det er gardbrukarar som har interesse for dette, er [Inn på tunet](#)-gardar. I tillegg til å tilby aktivitet og arbeidstrening har fleire slike gardar tilbod for skular og oppvekstsektoren, barn og familie og demensomsorg.²³

Modalen kommune kan kanskje jobba aktivt for å få lokalt næringsliv til å verta meir inkluderande arbeidsgjevarar. Private kan også få diverse tiltak via NAV, og treng kanskje hjelp til å sjå moglegheitene. Kommunen kan kanskje få til privat-offentlege samarbeid om tenesteløysing, som nemnt i rapporten.

Andre moglege tiltak for å styrka inkludering i arbeidslivet

Inkluderande rekruttering i kommunen

Modalen kommune kan jobba aktivt med inkluderande rekruttering. Sjå: [Inkluderingsarbeid | Statens arbeidsgiverportal \(dfo.no\)](#) for hjelp til utforming av rekrutteringsstrategi.

NAV vera ei støtte i inkluderande rekrutteringsarbeid: [Vil hjelpe flere inn i arbeidslivet - nav.no](#)

Det fins ulike kvalifiseringsprogram for å hjelpa kandidatar til å bli kvalifiserte for arbeid. [Kvalifisering - nav.no](#) - [Kvalifiseringsprogrammet - nav.no](#)

Ein [kompetanseplan](#) for Modalen kommune kan inkludera plan for arbeidsdeling. Å nytta rett kompetanse til rette oppgåver (t.d. innafor helse) kan vera viktig for å sørge for at fagkompetanse vert brukt på dei rette oppgåvene. Kommunen kan kartlegga og vurdere om oppgåver som i dag vert løyst av arbeidstakarar med ein høgare kompetanse enn naudsynt for oppgåva kan skiljast ut og gjerast av andre arbeidstakarar (med lågare kompetanse.)

Helsearbeid – tidleg hjelp/førebygging:

[Hva er en frisklivssentral? - Helsedirektoratet](#)

[Rask psykisk helsehjelp - Helsedirektoratet](#) – programmet vert utfasa, altså ingen kan søka om midlar, men modellen kan kanskje vera interessant.

Relevante dokument/strategiar:

Ingen utenfor – En helhetlig politikk for å inkludere flere i arbeids- og samfunnsliv (stortingsmelding) [Meld. St. 32 \(2020–2021\) - regjeringen.no](#)

[Inkluderende arbeidsliv \(IA\) - regjeringen.no](#) – gjeld først og fremst førebygging av sjukefråvær og fråfall – ikkje tiltak for å få inn dei som har falle utanfor/ikkje har kome inn i arbeidslivet.

²³ [Inn på tunet • Hjem - Inn på tunet Norge \(innpatunet.no\)](#).

[Evaluering av inkluderingsdugnaden i det statlige tariffområdet - regjeringen.no](#) – kanskje det kan vera noko å henta i metode for å jobba målretta med å tilsetta fleire med funksjonsnedsettingar og hol i CV-en?

Økonomiske støtteordningar som kan vera relevante

[Etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og mestringstilbud - Helsedirektoratet](#)

Merknader:

- Målgruppe/mål litt på sida av «arbeid til alle.»
- [Hva er en frisklivssentral? - Helsedirektoratet](#): *Frisklivssentralen er en helsetjeneste og en del av kommunens helhetlige helse- og omsorgstjenester.* Må pårekna eigenfinansiering til drift. Det er kvalitetskrav til korleis tenesta vert drifta.
- Kan vera for omfattande for Modalen. -Samarbeid med andre kommunar kan vera aktuelt. Vanskeleg å få støtte. Nye modellar for samarbeid i regionen kan kanskje vera ein veg å gå?

[Tilskudd til sosiale entreprenører og sosialt entreprenørskap - nav.no](#) – kunne potensielt få hjelp til bedrift som bidreg til å løyse dei utfordringane Modalen ynskjer å løyse. -Krev utviklingsarbeid og nyskaping. Mål: bekjempe fattigdom og sosial ekskludering i Norge.

Merknad:

- Kommunen kan ikkje søka, men ein aktør som definerer seg som sosial entreprenør. Høgthengande å få tilskot.
- Sårkornstilskot – må bli økonomisk berekraftig. -Støttar ikkje tiltak som liknar andre tiltak andre stader.

[Tilskudd til aktivisering og arbeidstrening - nav.no](#) - Samarbeid mellom kommune og frivillighet kan gje moglegheit for å søke tilskot til aktivisering og arbeidstrening gjennom frivilligheten. NB: ser ut til å vera veldig vanskeleg å få inn nye tiltak i ordninga.

[Frivilligsentraler - regjeringen.no](#) - Kommunen kan søka og få inntil 50% av driftskostnadar. Tilskot per sentral var kr 423 752,- i 2023 vs kr 448 000,- i 2022.

Merknad:

- Skal stimulera frivillig innsats – er ikkje eit arbeidstiltak. -Fleire kommunar organiserer BUA og frivilligsentral saman.

[BUA-nettverket | BUA](#) – lisensiering for å ta del i dette. -Er ofte knytt opp mot frivilligsentral. – Kan søke om tilskot: [Tilskudd til inkludering av barn og unge | Bufdir](#) – særskilt for 2023: ein del av tilskotet skal gå til etablering, drift eller videreutvikling av utstyrssentraler. I fjor kunne ein kun søka om innkjøp av utstyr til BUA.

[Skjønnsmidlar til fornying og innovasjon for 2023 | Statsforvalteren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#) -

Det er gjerne ikkje så realistisk å få støtte til eit tiltak knytt til aktivitet/arbeidstiltak til innbyggjarar som fell utanfor gjennom denne ordninga. Vil nok vera rekna som ei ordinær driftsoppgåve. Dersom ein får opp eit prosjekt med eit reelt fornyingspotensiale kan ein kanskje ha moglegheit. Konkrete

gjennomføringsprosjekt blir prioritert. Kvalitetsforbedring og effektiviseringsgevinster. -Om kommunen har andre prosjekt aktuelle for skjønnsmidlar må ein prioritere tiltaka.

Litt om relevant lovverk

Kommunen sitt ansvar for innbyggjarar som treng støtte til å kome ut i arbeid vil i hovudsak utførast av NAV. Deler av ansvaret ligg til statleg NAV; og deler til kommunalt-NAV, men NAV-kontoret, skal i høve § 13 i NAV-lova «ivareta oppgaver for etaten og kommunens oppgaver etter lov 18. desember 2009 nr. 131 om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen. Etaten og kommunen kan avtale at også andre av kommunens tjenester skal inngå i kontoret.» -NAV har ansvar for at alle som henvender seg og får fastslått at dei har bistandsbehov skal få utarbeidd ein konkret plan for korleis dei skal kome i arbeid (aktivitetsplan). Dei kan også ha rett på ein individuell plan, som vert samordna med aktivitetsplanen (jf. §14 a fjerde og femte ledd i NAV-lova). Ein individuell plan handlar om samordning og samarbeid med andre tenesteytarar (som helse).

Lenker til lovverk:

[Lov om arbeids- og velferdsforvaltningen \(arbeids- og velferdsforvaltningsloven\) \[NAV-loven\] -](#)

[Lovdata](#) Her er § 4, tredje ledd særleg relevant: «Etaten skal stimulere den enkelte stønadsmottakeren til arbeidsaktivitet der dette er mulig, og gi råd og veiledning til arbeidsgivere og arbeidstakere for å hindre sykefravær og utstøting fra arbeidslivet. Etaten skal vidare bistå arbeidssøkere med å få jobb, bistå arbeidsgivere med å skaffe arbeidskraft, forebygge og dempe skadevirkningene av arbeidsledighet og innhente informasjon om arbeidsmarkedet.»

[Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen \(sosialtjenesteloven\) - Lovdata](#) Merk at § 20 a seier at det skal vera vilkår om aktivitet for personar under 30 år som får stønad.²⁴ § 20 seier at ein kan sette vilkår om aktivitet for personar over 30 år.

[Lov om arbeidsmarkedstjenester \(arbeidsmarkedsloven\) - Lovdata](#) Lova definerer ikkje konkret kven som har rett på å få tilrettelagt arbeid, men «Lovens formål er å bidra til å oppnå et inkluderende arbeidsliv gjennom et velfungerende arbeidsmarked med høy yrkesdeltakelse og lav arbeidsledighet.» -NAV har ansvar for å vurdere om personar har rett på tilrettelagt arbeid, og henviser deltakarar til VTA-plassar hos tiltaksarrangørar. Det er avgrensa kor mange tiltaksplassar som finst. Dette vert tildelt arbeids- og velferdsetaten. Det er sjeldan nye VTA-plassar vert tildelt.

[Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\) - Lovdata](#) Her er er følgjande paragrafar verd å merka seg:

- §3-3 tredje ledd: «Helse- og omsorgstjenesten skal arbeide for at det blir satt i verk velferds- og aktivitetstiltak for barn, eldre og funksjonshemmede og andre som har behov for det.»

²⁴ Det er gjort fleire evalueringar av aktivitetsplikta:

- [Ny evaluering finner ingen virkninger av aktivitetsplikt for unge sosialhjelpsmottakere - nav.no](#)
- [Ulike erfaringer med aktivitetsplikt for unge sosialhjelpsmottakere – MEMU](#)
- Verknad av krav om aktivitetsplikt for sosialhjelpsmottakarar: [Tittel \(ks.no\)](#)
- [NAV-kontorenes erfaringer med aktivitetsplikt for unge sosialhjelpsmottakere | Arbeid og velferd](#)

- §4-1, første ledd, bokstav b. står «den enkelte pasient eller bruker gis et verdig tjenestetilbud» - Det er mogleg å tolka tilbod om helsefremjande aktivitet, som arbeidstiltak. [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\) - Lovdata](#), § 2-1 a, tredje ledd viser til §4-1, første ledd, bokstav b.
- §7-1 krav om individuell plan og koordinering mellom tenester, men arbeid er ikkje nemnt.
-

Oversikt møter/intervju knytt til arbeid til alle – Modalen

Arbeidsgruppe

Det har vore gjennomført 6 møte i arbeidsgruppa, og oppstartsmøte med kvar enkelt av dei fire arbeidsgruppemedlemmene. I tillegg har det vore gjennomført nokre oppfølgingsmøte med enkelte arbeidsgruppemedlemmer og prosjektansvarleg (assisterande rådmann). Rådmann deltok i mesteparten av det første arbeidsgruppemøtet.

Andre i Modalen kommune

- Det har vore gjennomført eitt innspels- og forankringsmøte med (deler av) leiargruppa i Modalen (28.03.23).
- Siren B. Øvre-Helland, kulturkonsulent om BUA og moglege inkluderingsarenaer) (04.04.2023 og 08.08.2023)

NAV

Det vart gjennomført eit oppstarts og avklaringsmøte med leiar i NAV Fensfjorden representant for NAV Nordhordland, avd. Arbeidsliv (16.11.2022).

Det har elles vore noko kommunikasjon med NAV per e-post og telefon rund målgruppeavklaring og avklaringar om NAV si rolle.

Møter med leiarar av relevante arbeidstiltaksbedrifter og andre arbeidstiltak

Desse møta hadde form av intervju/informasjonsinnhenting.

Arbeids/aktivitetstiltak (med fokus på arbeid) innafør rus/psykiatri-feltet:

- Grønt arbeid i Austrheim v/Kristine Fanesbust, fagleiar psykisk helse og rus /psyk.spl.
- Arbeidsaktiv Alver v/ Jannice Myrmel-Isaksen, fagkoordinator rusteam

VTA-bedrifter (Vekstbedrift, tiltaksarrangørar for NAV):

- Einekavane (Matre/Masfjorden) v/Erik Wick Andersen, dagleg leiar
- AO Senteret KF (Vaksdal) v/Nina Jakobsen Bakketun, dagleg leiar
- Aufera (Manger, eigd av Alver, Austrheim og Fedje) v/Kari Smith, dagleg leiar
- Gløde (Frekhaug/Knarvik, eigd av Alver og fleire andre Nordhordlandskommunar + fylket – har også AFT) v/ Thomas Knudsen, dagleg leiar.
- KIM (Knarvik, eigd av Alver) v Morgan Taule, dagleg leiar

Møter om Frivilligsentralar og BUA-ordningar:

Desse møta hadde form av intervju/informasjonsinnhenting.

- Vaksdal frivilligsentral og BUA Vaksdal v/Maren Amanda H. Thorkildsen, frivillighetskoordinator
- Frivilligsentralar (Knarvik, Frekhaug, Manger) og BUA (Frekhaug og Manger) i Alver v/Eirik Bouwer Utne, kulturleiar
- Frivilligsentral Austrheim v/Rita Ludvigsen, frivilligkoordinator